

Forslag til lokal Forskrift om lovbestemt feiing og tilsyn av fyringsanlegg, og om regulering av feie- og tilsynsgebyr, Vestnes kommune.

Dato	
Ikrafttredelse	
Gjelder for	
Heimel	
Kunngjord	
Korttittel	

Heimel: Fastsett av [organ] [dato] med heimel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven) § 28 og forskrift 17. desember 2015 nr. 1710 om brannforebygging § 17.

§ 1. Mål

Målet med denne forskrifta er å regulere/tilpasse gjennomføringa av feiing og tilsyn med fyringsanlegg i Vestnes kommune, slik at faren for brann vert redusert så mykje som råd.

Forskrifta skal vidare regulere kommunen si gebyrordning for feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

§ 2. Virkeområde

Forskrifta gjeld lovbestemt tilsyn med, og feiing av fyringsanlegg i Vestnes kommune, og gjeld alle bygg/brannobjekt med skorstein tilknytt eit fyringsanlegg.

§ 3. Definisjonar

Brannobjekt: alle bygningar, konstruksjonar, anlegg, opplag, tunell, verksemd, område m.m. der brann kan oppstå og true liv, helse og/eller materielle verdiar.

Brukar: den som i eigenskap av eigar, eller etter avtale med eigar, har bruksrett og nyttar seg av denne retten.

Eigar: den som har grunnboksheimel til eit brannobjekt,.

Feiing: reingjering av røykkanalar og fjerning av sot.

Feiarvesen: organisert eining av kvalifiserte feiarmeisterar, feiar og/eller brannførebyggjar.

Fyringsanlegg: eldstad, sentral varmekjelde eller varmluftkjele, der varme skal produserast ved forbrenning av fast, flytande eller gassformig brensel, inklusive røykkanal og matesystem for brensel.

Tilsyn: kontroll med om fyringsanlegget er intakt, velfungerande og er tilfredsstillande sikra mot brann og anna skade.

Matesystem: anlegg for tilførsel av fast eller flytande brensel.

Røykkanal: kanal for transport av røykgassar til friluft, røykrøyr og/eller skorstein.

Skorstein (pipe): vertikal del av fyringsanlegget. Kan innehalde fleire røykkanalar.

§ 4. Heimel

Forskrifta er utarbeidd med heimel i [lov 14. juni 2002 nr. 20](#) om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farleg stoff og om brannvesenets redningsoppgåver (brann- og eksplosjonsvernlova) [§ 28](#), og [forskrift 17. desember 2015 nr. 1710](#) om brannførebygging [§ 17](#).

Brann- og eksplosjonsvernlova med tilhøyrande forskrift om brannførebyggjande tiltak og tilsyn pålegg kommunen å gjennomføre feiing og tilsyn av fyringsanlegg. Kommunen blir og gjeve rett til å krevje gebyr som dekkjer kostnadane med tenesta. Gjennom lokal forskrift kan kommunen bestemme hyppigheit og fastsette grunnlag for gebyrinnkrevjing.

§ 5. Hyppigheit for tilsyn og feiing

Tilsyn med fyringsanlegg utførast i den frekvens man til ein kvar tid kjem fram til i brann- og feiarvesenet sitt system for risikovurderingar, for kvar bustad og objekt. Det er faste kriterier for vurdering av risiko, og frekvensen for tilsyn kan endras i tråd med endra risiko.

Etter vurdering frå feiarvesenet kan det gis tilbod om at enkelte tilsyn gjennomførast som eigenmelding.

Feiing skal utførast så ofte som naudsynt for å redusere sannsynet for brann og/eller andre skader. I utgangspunktet skal det enkelte fyringsanlegg vurderast med omsyn til kor hyppig det er nødvendig å feie. **Behovet vert vurdert ved feiing, tilsyn eller etter feiarens/brannførebyggjarens** risikovurdering, på grunnlag av erfaring frå tidlegare gjennomført feiing, tilsyn, omfang og art.

§ 6. Gebyr for feiing og tilsyn

Vestnes kommune skal dekkje sine kostnader i samband med gjennomføring av lovbestemt feiing og tilsyn etter sjølvkostprinsippet med 100% inndecking.

Gebyr for feiing og tilsyn blir fastsett årleg av kommunestyret og blir kravd inn saman med dei andre kommunale avgifter og gebyr.

Det skal krevjast inn gebyr for alle byggverk som har eitt eller fleire faste fyringsanlegg som vert nytta til oppvarming. Dette gjeld uavhengig av om fyringsanlegget er i regelmessig bruk eller ikkje. Dette gjeld og hytter/fritidsbustader.

Gebyra er ikkje knytt til tidspunktet for når feiing/tilsyn vert gjennomført.

§ 7. Gebyrfritak

Kommunen kan etter søknad gje fritak frå å betale gebyr i følgjande tilfelle:

- Bygninga har ikkje installert fyringsanlegg
- Fyringsanlegget er fråkobla og pipa/røykkanalen er blenda
- Eldstaden er plombert

§ 8. Andre tenester

Eigar av fyringsanlegg som ønsker feiing og/eller tilsyn utanom det som er lovpålagt, fjerning av beksot, inspeksjon av skorstein eller liknande, må sjølv ta kontakt med feiaren og avtale dette.

§ 9.Huseigar/brukar sine plikter

Det er eigar sitt ansvar å halde fyringsanlegget i orden til ei kvar tid.

Eigar skal, etter varsel om feiing, sørge for at heile fyringsanlegget er tilgjengeleg for feiing, samt utstyrt og innretta slik at feiing kan utførast på tilfredsstillande måte.

Eigar av bygning, der feiing av røykkanal blir gjort frå tak, skal sørge for at feiaren har tilfredsstillande tilkomst opp til og på taket.

Eigar er pliktig til å sørge for at forskriftsmessig stige opp til tak er lagt fram og tilgjengeleg for feiar, som signal på at det er klart for feiing.

Forskriftsmessig takstige eller trinn skal festast til tak og sikrast mot utgliding.

Der feiing ikkje skjer frå tak, skal eigar/representant sørge for at feiaren har tilfredsstillande tilkomst til røykkanal.

Eigar/representant skal sørge for at feiaren har tilfredsstillande tilkomst til sotluke eller tilsvarande eigna innretning for sot-uttak.

§ 10.Feiaren sine plikter

Feiing skal utførast på fagleg tilfredsstillande måte med minst mogleg ulempe for bebuarane. Etter avslutta feiing skal feiaren sørge for at sot blir fjerna, enten av feiaren sjølv eller av huseigar/leietakar, og frakta til eigna sted.

Feiaren skal under feiing og tilsyn vurdere forhold ved fyringsanlegget som har betydning for brannsikkerheita eller tilkomsten. Ved avvik som ikkje kan rettast på staden, skal feiaren gje skriftleg tilbakemelding til eigaren eller representant for eigaren om forholda, og frist for retting eller tilbakemelding om når retting blir gjennomført. Dersom retting ikkje blir gjennomført skal tilsynsmyndigheita gje nødvendige pålegg.

§ 11.Handheving og sanksjonar

Lokalt tilsyn, handheving og sanksjonar skal utførast i samsvar med forskrift om brannførebygging [17. desember 2015 nr. 1710 § 6](#) og [§ 17](#) samt føresegner i brann- og eksplosjonsvernlova.

§ 12.Klage

Klage på vedtak gjort i medhald av denne forskrifta skal framsetjast skriftleg til Vestnes kommune.

Saksbehandlinga ved klager følgjer av reglane gjeve i eller i medhald av brann- og eksplosjonsvernlova, samt lov om sakshandsaming i forvaltningssaker (forvaltningslova).

§ 13.Ikrafttredelse

Denne forskrift trer i kraft xx.xx.2024.

Kommentarar

Til § 2

Verkeområde omfattar alle fyringsanlegg som blir brukt til oppvarming av byggverk, inkludert fyringsanlegg i hytter/fritidsbustader.

Til § 3

I tillegg til tilsyn med fyringsanlegget vil feiarane informere og rettleie om røykvarslar, sløkkeutstyr, rømningsvegar og andre forhold av førebyggjande art som kan bidra til ein sikrere bustad. Ved (**dersom det ved tilsyn vert avdekka**) manglande røykvarslarar, sløkkeutstyr, rømningsvegar o.l., kan dette bli registrert som avvik eller merknad.

Til § 5

Etter ny forskrift om brannførebygging skal både tilsyn og feiing være behovsprøvd for kvart enkelt fyringsanlegg. Vurdering av behov for feiing blir vanlegvis gjort ved tilsyn **eller feiing**. For å fange opp endringar i fyringsmønster, forfall o.l. skal tilsyn gjennomførast med hyppigheit gitt i risikovurderingar. Etter risikovurdering vil det for enkelte fyringsanlegg og i enkelte område (t.d. **innerst i område med lite sol og mykje fyring**) være behov for hyppigare tilsyn og feiing, medan det i andre tilfelle kan være aktuelt å redusere hyppigheita. **Det kan og vere risikogrupper det vert vurdert til å vere behov for auka frekvens av tilsyn og/eller feiing.**

Feiarvesenet kan etter ei fagleg risikovurdering gje bygningseigar tilbod om at eit tilsyn bli gjennomført som ei eigenmelding. Eigenmeldinga skal dokumenterast og arkiverast i henhold til feiarvesenet sine til ei kvar tid gjeldande rutine. Dersom bygningseigar ikkje responderer på eit tilbod om eigenmelding, skal ordinært tilsyn gjennomførast.

Tilsyn etter brann eller røykgasseksplasjon i fyringsanlegg har som føremål å avklare om fyringsanlegget fortsatt kan nyttast, eller om det må leggjast ned fyringsforbod inntil feil og manglar er utbetra.

Til § 7

Før fritak kan gjevast skal feiaren ha godkjent fråkopling av fyringsanlegget og at blending av røykkanal er tilfredsstillande utført, på en slik måte at fyringsanlegget ikkje kan nyttast. **Godkjend fråkobling kan gis ved befaring, eller dokumentasjon i form av bilder.**

Eigar av bygning plikter å melde frå til kommunen dersom fyringsanlegg blir installert, eller blending av røykkanal blir fjerna. Dersom eigar av bygning ikkje melder frå, kan det fastsetjast straffegebyr.

Eit ev. gebyrfritak gjeld frå den 1. i månaden etter at slikt fritak er godkjent.